



Hammar-Kameratane As
Hella 60
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7054 - 22/79324

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
17.10.2022

Mellombels bruksløyve påbygg - gbnr 424/69 Bø

Administrativt vedtak: Saknr: 1145/22
Tiltakshavar: Kjetil Namdal
Ansvarleg søkjar: Hammar-Kameratane As
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for påbygg til einebustad på gbnr 424/69 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: deler av tiltaket**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 15.10.2023.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.11.2015.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Ferdigstilling av bad i påbygg.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: påbygg einebustad.
Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 27.09.2023.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.09.2022.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket.

Skildring

Adresse:	Bøgjerdet 11
Bygningstiltak:	Einebustad - påbygg
Bygningsnummer:	176104198 - 1
Bruksareal:	56,7m ²

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7054

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hammar-Kameratane As, Kjetil Hella 60 5936
Namdal

MANGER

Kjetil Namdal Bøgjerdet 11 5937

BØVÅGEN